



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



TØRKE OG MOGLEG PRODUKSJONSSVIKT

LES MEIR - S.5 <<<

Vikingutstillinga på Bygland bibliotek held ope fram til veke 32 og byggjer opp stemninga i bygda fram mot Lislefarm og avdukinga av Langeidsverdet.

OPEN STASJONSOMRÅDE PÅ BYGLANDSFJORD



MERKETIDER AUGUST 2026:

13. august: Skulestart

16. august: Markering ferdig-restaurert kyrkjemur, Austad Gamle Kyrkjegard (kl. 13)

29. august: Lislefarm på museumstunet / Avduking av skulpturen til Langeidsverdet

>>> LES MEIR - S. 4

Opplever du avlingssvikt som følgje av tørke? Meld frå tidleg for å sikre mogleg oppfølging og vurdering av tilskot.

VIKINGUTSTILLINGA, LANGEIDSVERDET OG LISLEFARM

>>> LES MEIR - S. 5

Det skjer mykje på Byglandsfjord stasjonsområde denne sommaren. Open utstilling og kafé, omvisningar, konsertar og sommarmarknad (22.08.)!



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

Kjære alle saman

Håpar de alle har hatt ein fin og ladefull sommar! Tusen takk til alle som har stått på og sørge for positive arrangement og aktivitetar gjennom sommaren. De skapar bulyst og trivsel for både oss som bur her og for besøkande.

August er her, og med det går vi inn i ein travel og spennande haust. Skular og barnehagar startar opp att, og kvardagen vender gradvis tilbake til dalføret vårt.

Vi gler oss over at KVS Bygland igjen kan starte skuleåret med mange elevar, som også bidreg godt bygda og kommunen vår.

Den siste helga i august skal vi markere Langeid-sverdet i rundkøyringa på Bygland. Det ekte Langeidsverdet vil få ein sentral plass i det nye Vikingskipsmuseet på Bygdøy i Oslo, og får mykje internasjonal merksemd. Vi har ein rik kulturarv som vi kan gjere enda meir kjent både for oss og for dei rundt oss. Vikingtid, folkemusikk, lokalmat, klede, bygningsvern, Bjoren og samferdselshistoria er nokre av elementa.

Oh yeah!

La oss ta vare på dei gode seinsommardagane og kvarandre i tida som kjem. Med ynskje om ein strålande august månad til dykk alle!



Mvh Runar Granheim, ordførar

SETESDAL REGIONRÅD

Setesdal regionråd og representanter frå alle medlemskommunane deltar i Arendalsuka 2026, Noreg sin demokratifestival i Arendal 10. - 14. august 2026. Regionrådet har eigen stand tysdag 11.08.

Arendalsuka

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 84

Ansvarleg redaktør: Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt

Bilete: Framside: Byglandsfjord stasjon med veteranbuss nr. 24 frå Setesdal Autobussrutor;

Innhald (m.m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt;

Kva skjer: Bygland museum / Bygland kommune

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt september 2026: 01.09.2026, skrivefrist 28.08.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117 - Ambulanse 113**
 telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
 tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00; **OBS! Feriestengt veke 26 t.o.m. 33.**
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
 mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
 Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
 Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
 Vi har eit godt utval av bøker og tidsskrift for alle.
 Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland
 gard & ætt.

På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og kopi av
 Hylestadportalen.

Open vikingutstilling veke 28-32, tor/fre kl. 11-14



BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30



**BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE,
 4741 BYGLANDSFJORD**

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30



OBS! Folkebiblioteket er feriestengt 01.07. - 09.08.2026

SAMFUNN

TØRKE OG MOGLEG PRODUKSJONSSVIKT

Opplever du avlingssvikt som følge av tørke? Meld frå tidleg for å sikre mogleg oppfølging og vurdering av tilskot.

Den siste tida har mange opplevd lite nedbør og krevjande vekstforhold. Dersom tørken fører til vesentleg avlingssvikt, er det viktig å melde frå så tidleg som mogleg. Tilskot ved produksjonssvikt kan bli gitt ved avlingstap som skuldast klimatiske forhold, som til dømes tørke.

Dersom du ser teikn til at tørken kan føre til produksjonssvikt, skal du sende inn melding om mogleg skade via Altinn. Meldinga skal sendast så snart skaden har oppstått, eller det er grunn til å tru at det kan oppstå avlingstap. Dette er nødvendig for at kommunen skal kunne gjennomføre eventuell kontroll medan skaden framleis kan påvisast.

Melding om mogleg produksjonssvikt kan sendast her:

<https://info.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-ved-produksjonssvikt-melding/>

Melding om skade er ikkje det same som søknad om tilskot. Dersom det seinare viser seg at avlingstapet er stort nok til å gi grunnlag for tilskot, må det sendast inn eigen søknad om tilskot ved produksjonssvikt. Søknadsfristen er 31. oktober i skadeåret. Det er viktig å dokumentere situasjonen fortløpande. Ta gjerne bilete av areala og noter utviklinga gjennom sesongen. God dokumentasjon kan vere viktig ved ein seinare søknad om tilskot.

Du finn meir informasjon om ordninga hos Landbruksdirektoratet:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-ved-produksjonssvikt>

Har du spørsmål, kan du ta kontakt med

Jordbruksrådgiver i Bygland kommune, Tatiana Kozhina,
+47 90635715, tatiana.kozhina@bygland.kommune.no

STOR SKOGBRANNFARE – VIS EKSTRA AKTSEMD

Brannvesena i Agder åttvarar mot høg fare for skog- og utmarksbrann som følge av langvarig tørke og lite nedbør. Sjølv ein liten gnist kan vere nok til å utløyse ein brann som raskt kan spreie seg.

Statsforvaltaren i Agder oppmodar alle som ferdast i skog og utmark til å vise stor aktsemd og følgje råda frå brannvesenet:

- Ikkje bruk open eld i eller nær skog og utmark.
- Unngå bruk av bålpanner, eingongsgrillar og anna utstyr som kan skape varme eller gnistar. Dette gjeld òg på etablerte bål- og grillplassar i utmarksområde
- Ver ekstra forsiktig ved bruk av maskiner, verktøy og køyretøy i tørre område.
- Kast aldri sigarettneipar eller fyrstikker i naturen.
- Meld frå med ein gong til naudnummer 110 dersom du ser røyk eller brann.

– **Det generelle bålforbudet gjeld fram til 15. september.** Med den tørre perioden vi er inne i no, er det viktig at alle tek ansvar og viser ekstra aktsemd for å redusere risikoen for brann, seier fungerande fylkesberedskapssjef Trine Krossbekk.

Brannvesenet minner om at dei fleste skog- og utmarksbrannane skuldast menneskeleg aktivitet, og at ni av ti brannar kan førebyggjast.





SAMFUNN

LANGEIDSVERDET

I samband med årets Lislefarmen skal skulpturen av Langeidsverdet avdukast laurdag 29. august. Til bygda kjem det folk frå nær og fjern for å ta del i denne markeringa av Bygland si mektige vikinghistorie. I samarbeid med Husflidslaget blir det planlagt mykje moro for både barn og vaksne i samband med arrangementet. Nøyaktig tidspunkt for avdukinga vil bli annonsert på kommunen sin heimesida og på Facebook



Bilete: Vemund Guldbrandsen/ Bygland kommune

KULTUR

OPEN VIKINGUTSTILLING PÅ BIBLIOTEKET PÅ BYGLAND - SOMMAR 2026

I veke 28-32 er vikingutstillinga i gamle bankhvelvet på Bygland bibliotek open torsdag og fredag frå kl 11.00-14.00. Takk til dei frivilljuge som formidler lokal historie til både fastbuande og tilreisandeholder og holder utstillinga open denne sommaren! Etter det er utstilling open i biblioteket sine opningstider (sjå side 3).



Om vikingutstillinga i Bygland

Vikingutstillinga opna i 2024 i det nye biblioteket i Sentrumsbygget på Bygland (Sentrum 16). Her får du sjå spennande funn frå vikinggraver på Neset og Frøysnes, mellom anna originale gjenstandar som sverd, smykke og spinnehjul – mange av dei utlånt frå Kulturhistorisk museum i Oslo. Du får òg sjå ein gamal vevstol frå yngre jernalderen (fra 550 evt. til cirka 1050 evt) som blei brukt heilt fram til vikingalderen

LISLEFARM 2026

Laurdag 29. august skipar Bygland Husflidslag på nytt til Lislefarm med temaet vikingtid. Her får me oppleve vikinghandverk og vikingsmat, kanskje litt kamp – og avduking av Langeidsverdet!



OPPVEKST

BARNEHAGE ÅRET OG SKULESTART 2026/27

Det nye barnehageåret har starta, og torsdag 13.08. startar òg skulen opp att.

På Bygland kommune si heimesida finn du viktig informasjon om oppvekstsentra på Bygland og Byglandsfjord: Under menypunkt Barn, oppvekst og familie finn du både Barnehage, Skule (med bl.a. skuleruta for 2026/27) og SFO.



Me ønskjer alle barn og ansatte eit triveleg gjensyn og ein god start på det nye oppvekståret.



TRYGG SKULEVEG

Klypp hekken - få betre sikt

Visste du at å klyppa hekken er ei lovpålagd oppgåve? Å sørgje for fri sikt er så viktig at ansvarsforholdet er nedfelt i Vegloven §31 og §43. Det er du som bur ved vegen som er ansvarleg for å klyppe hekkar og buskar på eigedommen din. Du må sørgje for god sikt ved vegkryss og avkøyningar, slik at vegetasjon ikkje skaper trafikkfarlege situasjonar.


Høge buskar og store greiner bidreg til at trafikkbiletet blir uoversiktleg og krevjande. Trafikantane mistar ikkje berre sikt, men kan også gå glipp av viktig informasjon langs vegen. Det kan skape svært trafikkfarlege situasjonar for både bilistar, syklistar og gåande.

Me oppmodar derfor alle til å klyppe hekken i sommar, og på den måten bidra til å oppfylle kravet i lova ved å sørgje for at alle som går, sykklar eller køyrar ferdast trygt i trafikken.

Berre ein halvmeter er lov

Når du står tre meter inn i avkøyringa di skal du ha minst 30 meter fri sikt i kvar retning langs gang- og sykkelvegen. Hekken eller gjerdet skal heller ikkje vera høgare enn 50 centimeter ved avkøyringa.

Om avkøyringa munnar ut i ein veg med fartsgrense 50 km/t, må det vera fire meter fri sikt inn, og 45 meter til kvar side når du står inne i avkøyringa di, ifølgje Statens vegvesen. Dette finn du også i ein brosjyre om temaet som ligg ute på Statens vegvesens nettsider: vegvesen.no



Bilete:
Statens vegvesen



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland. frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Me tek sommarpause på frivilligsentralen og er tilbake midt august.

BUA Bygland har open mån - fre kl. 10.30 - 18.00

Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka



NOKO GØY I SOMMAR OG BUA BOKSAR

I Byglandsnytt si september utgåva skal vi fortelle litt om begge prosjekt. Spesielt "Noko Gøy i Sommar" med aktivitetar for barn og unge i Bygland var ein stor suksess! Ungdomane i BUA sommarjobb ordna med alt, tok vare på alle og skipa til uforglemmelege sommarminne.

Anne Fauske frå Bygland frivilligsentral og BUA Bygland skal legge ut ein stor TAKK til sine flinke assistenter - både dei i sommarjobb og dei mange friljuger på BUA. Godt me har dykk alle!



FRILUFTSSKULE:

Midt-Agder Friluftsråd inviterer til Friluftsskolen i Bygland kommune - Veke 33, 10. - 12.08. Tilbodet er eitt samarbeid med BUA Bygland/Frivilligsentralen. Det er gratis å vere med for alle som gjeng i 5-7 klasse. På friluftsskolen kan du delta på spennande friluftaktivitetar samtidig som du lærer litt om Allemannsretten og ferdselskultur; Kartforståing på tur; Raste- og leirplass; Grunnleggjande førstehjelp. Påmelding på nettet: Friluftsskolen - Midt-Agder Friluftsråd - midt-agderfriluft.no

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

BYGLAND UNGDOMSKLUBB, SENTRUM 24, BYGLAND

Oppstart etter sommerferien:
måndag 17.08.

Dag og tid

Aldersgruppe

Måndagar kl. 14.30 - 16.30

alle trinn (5.klasse- 3. VGS)

Måndagar 16.30 - 19.30

5. - 7. klasse

Onsdagar kl. 18:00 - 21:00

8. klasse - 3. VGS



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sentrum 18, 4745 Bygland; bygland.kyrkje.no og FB

Prestvikar: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjevevje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

- **Gudsteneste:** Ingen gudsteneste i august. (neste 13.09. kl. 16.00 på Bygland)
- **Soknerådsmøtet:** måndag 17.08. kl. 17.00, Kyrkjekontoret
- **Andakt på Byglandsheimen** og **Herre café:** Haustprogrammet kjem i løpet av august.

>> MARKERING PÅ AUSTAD GAMLE KYRKJEGARD

Sundag 16.08. kl. 13.00

- Restaurering av kyrkjegards-muren ved Eystein Greibrokk
- Avduking av minnestein
- Ustilling i klokketårnet og kulturelle innslag

Arrangementet er skipa til av Arbeidsgruppa i Austad gama, som ønskjer å lyfta fram historia til den gamle kyrkjestaden og livet i Austad sokn gjennom generasjonane.

Det vert sal av boka «Ein historisk stad – liv og lagnad i Austad sokn» av Vilborg Stubseid Hovet. Boka gjev innblikk i historia til området og menneska som har levd der. Arrangørane anbefaler å ta med eigen stol. Ose grendehus vil vera ope før og etter samlinga for bruk av sanitærfasilitetar. Dersom vêret vert dårleg, vert markeringa flytt dit.



Bilde: Torhild Austad

>> KONSERT MED HIGH ROAD

Bygland kyrkje, torsdag 20.08. kl. 18.00

Torsdag 20.august kl.18.00 vert det ein strålende konsert med den amerikanske country-gospelgruppa High Road i Bygland kyrkje. Dei fire jentene syng og spelar på både mandolin, piano, fele og gitar, så denne konserten er verdt å få med seg!

Billetter: Kr. 250,- ved inngangen. - Etter konserten vert det bevertning.



>> TEMAKVELD Å SJÅ OG BLI SETT

Vonheim, Bygland 28.08. kl. 17.00:

- Servering: Vi et setesdalssuppe først, kaffi og kaker seinare
- Anne Synnøve, Ina Kjøstvedt og Ingunn Nordmo Sagland, kyrkjevevene i Øvre-Otredal, blir presenterte. Dei skal ha kvar sitt korte innlegg om kveldens tema.
- Song og musikk
- Avslutning: Svein Kleivane
- Diakon Åse Gudrun Thortveit leier kvelden.

Velkomen alle!





TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - AUGUST 2026

- Papir og plast: veke 32: tysdag 04.08.
- Matavfall og glass/metall: veke 32: torsdag 06.08.
- Matavfall og restavfall: veke 34: torsdag 20.08.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (12.08.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (22.08.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (08.08.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS, e-post: post@smg-iks.no; heimeside: smg-iks.no, tlf. 901 94 724

KORLEIS FÅR DU NYE SØPPELPOSAR?

Ønskjer du nye matavfallsposar eller sekkar for returplast, hugs å knytte ein slik pose/sekk på dunken ved neste tøminga.

Sjåførane til Setesdal Miljø & Gjenvinning legger da igjen ei ny pakke til deg, med mindre søppelbilen er tomme for nye posar/sekkar.



YMSE

TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland. Her får du informasjon og turtipps, kaffe og snacks. Stoga arrangerer også kulturarrangement, og guida turar på førespurnad
Vert og guide: Olav Grendstad. - Ope alle dagar kl. 11-17.

BYGLAND MUSEUM, PRESTNESET, BYGLAND

Dagleg kl 10-16 t.o.m 09.08. Tur på norsk, engelsk, tysk(veke 32)

LANDESKOGEN KUNSTSANATORIUM,

Landeskogvegen 86, Grendi i Bygland

UTSTILLING OVER HEIA

57 kunstnarar frå Rogaland og Agder.

Dagleg kl 11.00-17.00 t.o.m 16.08.

I veke 34 og 35 onsdagar - sundagar kl. 11.00 - 17.00.



LANDESKOGEN kunstsanatorium

Over heia - Landeskogen preåpning

KUNSTUTSTILLING

57 KUNSTNERE FRA ROGALAND OG AGDER

30. MAI - 30. AUGUST

Over the Heath
Art Exhibition in the historic
Landeskogen Sanatorium.

Über die Heide
Kunstausstellung im historischen
Landeskogen Sanatorium.

ÅPNINGSTIDER

17. Juni - 16. August
Daglig/Daily/Taglich: 11:00 - 17:00
19. August - 30. August
Ons-Son/Wed-Sun/Mi-So: 11:00-17:00

Landeskogvegen 86,
4742 Grendi

www.landeskogen.com



YMSE

SOMMAROPEN STASJON PÅ BYGLANDSFJORD

Fram til 9. august held Byglandsfjord stasjon open laurdag og søndag frå kl. 11 til kl. 16. Den gamle togrestauranten er utgangspunktet. Der er det enkle utstillingar som formidlar historia til stasjonsområdet, lokal samferdselshistorie og Byglandsfjord. Det vil også bli mogleg å låna/levera bøker frå Bygland folkebibliotek som har filial i stasjonsbygningen.

Togrestauranten vil tilby enkel servering av drikke og noko å bita i. Det vil bli gjennomført omvisingar på området og diverse underhaldning som konsertar, framføringar og foredrag med lokale aktørar.

Veke 31: open utstilling og kafé kl. 11.00 - 16.00

- begge dagar: kl. 12.00 Omvisning med Torgeir Moseid
- laurdag 01.08. kl. 12.00 Veteran-militærkjøretøy
- sundag 02.08. kl. 13.00 Country-konsert med Oddvar og Øyvind Omnes

Veke 32: open utstilling og kafé kl. 11.00 - 16.00

begge dagar: kl. 12.00 Omvisning med Torgeir Moseid



SOMMERMARKED PÅ STASJONSOMRÅDET PÅ BYGLANDSFJORD

Ein triveleg familiedag for store og små. Laurdag 22.08. kl. 12.00 - 16.00

Sommermarked
på Stasjonsområdet på
BYGLANDSFJORD
22. AUGUST 2026
En trivelig familiedag for store og små!

Byglandsfjord Grendelag inviterer til en trivelig familiedag og marked
lørdag 22. august 2026 på Byglandsfjord.

UTSTILLERE søkes!
Vi søker utstillere med egenprodusert mat/drikke, handarbeid og håndverk som ønsker å vise fram og selge produktene sine. Dette er en flott mulighet til å nå ut til både lokalbefolkning og tilreisende i en hyggelig markedsatmosfære.

Det blir også kafédrift i regi av grendelaget, så her blir det noe for både store og små!

BLI FRIVILLIG – vi trenger deg!
Vi trenger mange gode hjelpere for å gjøre sommermarkedet til en kjempedag! Alle bidrag er verdifulle – små og store oppgaver gjør en stor forskjell.

Eksempler på oppgaver:
• Kafé og matservering
• Rigging og nedrigging
• Vaktbolk og parkering
• Bod- og områdevakter
• Praktisk hjelp der det trengs
• Og mye mer!

Sammen skaper vi en strålende markedsdag!

Gi beskjed om at du vil være frivillig innen 1. august 2026.

TID:
Lørdag 22. august 2026 kl. 12.00 - 16.00

STED:
Byglandsfjord

PÅMELDING:
Ta kontakt med Kirsten, leder i Byglandsfjord Grendelag

SPØRSMÅL ELLER PÅMELDING?
Ta kontakt med Kirsten!
482 56 857

Velkommen til en innholdsrik og hyggelig dag!

LANDBRUKES DAG 2026 PÅ EVJEMOEN

Landbrukets Dag på Evjemoen er ei av dei største landbruksmessene på Sørlandet. Arrangementet blir halde på Evjemoen i Evje og Hornnes og samlar bønder, lokalmatprodusentar, handverkarar, maskinleverandørar og publikum frå heile Agder.

Dato: 07. -09. august

- Fredag 13.00 -18.00
- Laurdag og Sundag kl. 10.00 -17.00

LANDBRUKETS DAG 2026
7-9 AUGUST
EVJEMOEN

LISLEFARM PÅ BYGLAND MUSEUMSTUN

Ein triveleg familiedag for store og små. Laurdag 29.08. kl. 11.00 - 17.00. Bygland museumstun. Tema: Viking! **Sjå òg s. 5**



YMSE

KVA SKJER I ØVRE BYGLAND?

Som i Byglandsfjord sør i kommunen skjer det òg ein del ting i Øvre Bygland: På Ose blir det bygd **ny Ose bru**, slik at tungtrafikk kan ferdast mellom Austad og R9. **Potetbaker'n på Coop Ose** startar ny sesong til hausten.

SKULEHUSET PÅ TVEIT

På skulehuset på Tveit holdt Gry Ilje Tveit også i år open kafé og bruktbutikk kvar laurdag og sundag: Sommarkafé laurdagar og sundagar fram til 16.08. kl. 12.00 -17.00; Tveit 14, 4745 Bygland (Øvre Bygland). Kafé og bruktbutikk.



KONSERT MED OSLO KAMMERKOR I AUSTAD KYRKJE PÅ TVEIT

Austad kyrkje på Tveit har vore eit viktig samtaleemne i Bygland dei siste åra. Kyrkja ligg på Tveit nord i Bygland og vart vigsla 7. juli 1880. Ho er ei trekyrkje har om lag 250 sitjeplassar. - I januar 2023 vedtok kyrkjeleg fellesråd å stengje kyrkja på grunn av store manglar ved det elektriske anlegget. Det ville krevje omfattande investeringar for å utbetre anlegget. Sia då blei det lagt mykje arbeid i kyrkja.

Sundag 13.09. kl. 15.00

skipar no Setesdal Spelemannslag til stor konsert med Oslo Kammerkor, Kong Hanes Eftf., Eirik Hodemyr og lokale kvedarar frå spelemannslaget.

Konserten blir ein musikalsk fest for heile dalen!

Velkomen til Austad kyrkje på Tveit!



Oslo Kammerkor

Austad kyrkje på Tveit

Sundag 13. September
klokka 15.00

Billetter: 250,-
Kan kjøpast i døra
Gratis inngang for dei under
15 år

Med gjester:

Koret Kong Hanes eftf.

Eirik Hodnemyr

Lokale kvedarar frå
Setesdal
Spelemannslag



KVA SKJER I BYGLAND

AUGUST 2026

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Bygland museum på Prestneset, Bygland

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
fram til 09.08. dagleg	Bygland museum	kl. 10-16	Opent museum
alle dagar	Bygland turistkontor i Stoga kafé	kl. 11 -17	Open turistkontor og kafé
fram til 16.08. dagleg; etter det onsdag - sundag	Landeskogen kunstsanatorium, Grendi	kl. 11 - 17	Open utstilling Over Heia
sundagar	D/S Bjoren; Bjoren brygge, Bygland	kl. 12	Tur med DS Bjoren; Avgang: Bygland
laurd./sundagar fram til 09.08.	Byglandsfjord stasjonsområde	kl. 11 -16	Sommaropen stasjon
laurd./sundagar fram til 09.08.	Skulehuset på Tveit; Tveit i Bygland	kl. 12 -17	Sommar kafé
sundag 16.08.	Austad gamle kyrkjegard (Austad)	kl 13	Markering ferdig-stilt kyrkjemur (fest)
laurdag 22.08.	Byglandsfjord grendelag	kl. 12 - 16	Sommermarknad på Byglandsfjord
laurdag 29.08.	Bygland Husflidslag, Bygland museumstun	kl. 11 -17	Lislefarm 2026
laurdag 29.08	Bygland kommune, Rundkjøringa på Bygland	følg med på heimesida og Facebook	Avdukinga av Langeidsverdet